



Merete Ljosnes oppmodar kvinnheringane om å koma med fleire ord og uttrykk

Uskedalsjenta Merethe Ljosnes (26), no busett i Haugesund, starta i oktober ei gruppe på facebook som heiter "morsame ord og uttrykk frå Kvinnherad".

Ho oppmodar gjennom Kvinnheringen kvinnheringar om å koma med ord og uttrykk og så langt har 339 registrert seg. Resultatet er at det førebels er samla inn over 250 gamle og nye.. Merethe meiner det er viktig å ta vare på ord og uttrykk i den fine dialekta i kommunen. Ho er overvelda over responsen så langt.

Merethe er pedagogisk leiar i ein barnehage på Karmøy. På jobben hennar er det mange som ikkje forstår ein del av dei kvinnherske uttrykka.

Ho har eit favoritt-uttrykk: Sjukjeskukkjjen.

Det har til no ingen på Karmøy forstått.